

Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga  
v/regionleiar Sissel Øverdal  
5020 Bergen

Kleppestø 17.02.16

### Den bygningsmessige situasjonen ved Askøy videregående skole

I følge eksisterande skolebruksplan skulle det prosjekterast ei utviding av Askøy videregående skole i 2017. Sidan den planen blei lagt, har det vore framme forslag om å bygge ny skole på Kleppestø kai. Det noverande fleirtalet i kommunestyret går ikkje inn for det. For oss er situasjonen vanskeleg, og ber om at følgjande blir tatt med i vurderingane om når ei utviding/nybygging av Askøy vgs skal finne stad:

- Det er mangel på møte-/samtalerom.
- Det finst ingen arbeidsplassar for elevane utanom på biblioteket.
- Viss ein lærar skulle trenge meir enn eitt rom, er det i dei fleste timane ikkje mogleg å finne.
- Enkelte elevar treng eit rom å trekke seg tilbake til; noko som vi slit med å finne.
- Paviljongen der særskilt tilrettelagt opplæring held til, er ikkje eigna for formålet: det er trangt, ikkje tilrettelagt for rullestolbrukarar, og det er heller ikkje plass til å drive med praktisk arbeid. Det er totalt sett alt for liten plass, sidan vi alltid har meir enn dei 8 elevane huset er planlagt for.
- Helsefagarbeid: det er ikkje rom som tilfredsstillar krava i læreplanen.
- Helsefagarbeid ønskjer seg eit samarbeid med elektrofag om velferdsteknologi, men vi har ikkje plass.
- Klasseromma på yrkesfag er ikkje isolerte for lyd mot verkstadene og har gjennomgang gjennom verkstaden; noko som begrensar bruken av romma. Desse romma burde ha hatt inngang utanfrå.
- Kapasiteten i Askøyhallen er sprengt; noko som er med på å gjere det vanskeleg å lage timeplan.
- Lærarane sit på store arbeidsrom. Dei burde kunne ha gått til eit stillerom, men slike rom finst ikkje.
- Kantinekjøkkenet for lite.
- Toaletta tilfredsstillar ikkje dagens krav.
- Gangane i hovudbygget og i verkstadbygget har for dårleg lys.
- Reinholdarane har store problem med å få vaska i løpet av dagen på grunn av tett timeplan.
- På grunn av bygningane sin alder er behovet for vedlikehald sterkt aukande; td slit vi med å halde taket på verkstadbygget tett.

Alle tilsette gjer sitt beste situasjonen tatt i betraktning, men vi ønskjer oss noko betre. Ei midlertidig løysing kan vere å setje opp brakker til arbeidsrom for lærarane, kontor for leiinga og ekspedisjon og eit personalrom for alle tilsette, og bygge om romma til klasserom og grupperom. Hadde vi i tillegg fått gjort noko med verkstadbygget, hadde vi straks hatt det mykje betre.

Sigrid Hiller  
rektor

Kopi: Steinar Lexander, Eigedomsseksjonen